



Arkivnr: 2014/10030-21

Saksbehandlar: Odd Bjarne Berdal

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		20.01.2015
Fylkesutvalet		29.01.2015

**Dimensjonering – utviding av Bergen Katedralskole****Samandrag**

Prosjekteringsarbeidet for ombygging og rehabilitering av Bergen Katedralskole er no avslutta, og det ligg føre ferdige planteikningar som syner kva areal ein rår over. På bakgrunn av desse vil difor fylkesrådmannen i denne saka tilrå ei dimensjonering på fagtilbodet ved Bergen Katedralskole. Dette er ei naudsynt avklaring som må gjerast før byggearbeidet kan starte.

**Forslag til innstilling**

Dimensjonering på skulen blir som vist i tabell under. Dette inneber ei utviding fra 4 til 6 parallellear på det ordinære studiespesialiserande (ST) tilbodet. IB vert utvida med 1 parallelle til 2 parallellear inkludert førebuande International Baccalaureate (IB).

Innføringsklassen for minoritetsspråklege (AO) og tilbodet til minoritetsspråklege i ordinært løp vert vidareført. Når det gjeld tilbodet til minoritetsspråklege, er det sett i gong eit arbeid for å betre tilbodet generelt. Tilbodet for minoritetsspråklege på skulen må difor sjåast i samanheng med iverksetjing av nye tiltak i forhold til denne gruppa framover.

KLASSETRINN	AO/E-KLASSE (0.5 PARALLEL)	IB (2 parallellear)	ST (6 parallellear)	TOTALT (8.5 parallellear)
IF/AO	30	0	0	30
VG1/PRE-IB	15	54	162	231
VG2/2IB	15	54	162	231
VG3/3IB	15	54	162	231
<b>SUM</b>	<b>75</b>	<b>162</b>	<b>486</b>	<b>723</b>

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 06.01.2015

Under handsaming av skulebruksplanen for Hordaland fylkeskommune vart det gjort følgjande vedtak for Bergen Katedralskole (Vedtak i f.t.sak 1/13, punkt 7):

*«Når vaksenopplæringa vert flytta til Kalfarveien, får Bergen Katedralskole utvida vgs-tilbodet til 7 parallellear på ST og innføringsklassar som vist i saksutgreiinga. Tilbodet med International Baccalaureate (IB) vert vidareført og vurdert utvida med ein parallel. Det vert føresett at ein ikkje går ut over totaltalet parallellear fastsett i planen. Skolen får ikkje tilbygg, men får etablert nye pedagogarbeidsplassar ved ombygging»*

Skule	Elevtal 2013/14	AO	BA	DH	EL	HO	ID	MD	MK	NA	PB	RM	SS	ST	TO	TIP	Totalsum
Bergen Katedralskole	445	50												595			645

Tabell: Framtidig fagtilbod og kapasitet ved Bergen Katedralskole.»

I tabellen er ikkje tilbodet til minoritetsspråklege i eiga gruppe i ordinært løp med. Totalt plassstal på dette tilbodet er 45 elevplasser delt på Vg1-Vg3. Pre-IB er heller ikkje tatt med i tabellen over.

I løypemelding 22.01.2014 Oppfølging av skulebruksplan (SBP) - (2014/10030-3) står det om Bergen Katedralskole:

*«Programmeringsarbeidet for utviding av tilbodet på BKS er inne i sin avsluttande fase. SBP la til grunn ei utviding med tre parallellear utan større nybygg, ingen større investeringar og fjerning av eksisterande undervisningsbrakker. Programmeringsarbeidet har synt at det vil vere krevjande med ei utviding av slik storleik ved skulen på dei premissane. Utgreiingsarbeidet har enno ikkje konkludert med kor stor utviding som er realistisk å få til. Dette gjer at det er naudsint med ei vurdering av kva elevgrupper som skal prioriterast med tanke på tilbodet ved skulen. I det vidare arbeidet legg ein til grunn ei prioritering av ordinært studiespesialiserande tilbod, IB og minoritetsspråklege. Dette vil kunne innebere at tilbodet for innføringsklassane vert foreslått flytta. Fylkesrådmannen vil kome attende til denne saka når kapasiteten i skulebygget er avklart.»*

Vidare stod det i løypemelding til Fylkesutvalet 24.09.2014 (2014/10030-14):

*«Programmeringsarbeidet har synt at det vil vere krevjande med ei utviding av slik storleik ved skulen på dei premissane. Utgreiingsarbeidet har enno ikkje konkludert med kor stor utviding som er realistisk å få til. Dette gjer at det er naudsint med ei vurdering av kva elevgrupper som skal prioriterast med tanke på tilbodet ved skulen. I det vidare arbeidet legg ein til grunn ei prioritering av ordinært studiespesialiserande tilbod, IB og minoritetsspråklege. Dette vil kunne innebere at tilbodet for innføringsklassane vert foreslått flytta. Fylkesrådmannen vil kome attende til denne saka når kapasiteten i skulebygget er avklart.»*

I felles brev frå Utdanningsforbundet og Lektorlaget datert 10.09.2014 til Fylkesdirektør opplæring uttrykkjer tillitsvalde ved skulen uro for tilbodet til minoritetsspråklege. Organisasjonane ønskjer ikkje at dette tilbodet skal nedprioriterast i forhold til ST og IB når Fylkesrådmannen skal tilrå dimensjonering etter tilgjengeleg areal.

Skisseprosjektet for ombygging og rehabilitering av Bergen Katedralskole er no avslutta, og det ligg føre ferdige planteikningar som syner kva areal ein rår over. På bakgrunn av desse vil difor fylkesrådmannen i denne saka tilrå ei dimensjonering på fagtilbodet ved Bergen Katedralskole. Dette er ei naudsint avklaring som må gjerast før byggearbeidet kan starte.

Frå byggestart reknar ein om lag 2 år til arbeidet er ferdig. Når arbeidet kan starte, er avhengig av når Vaksenopplæringa kan flytte inn i lokala der Bergen Handelsgymnasium heldt hus tidlegare. Slik det ser ut no, vil det tidlegast skje sommaren 2015. Ny dimensjonering vil difor tidlegast gjere seg gjeldande frå hausten 2017.

## Tilbod på Bergen Katedralskole i dag - bakgrunn

Skulen har i dag 4 parallellear på ordinært studiespesialiserande program og ein parallel på IB. I fylkesutvalet 05.12.2013 (201308340-1) vart det vedtatt oppretta frå skulåret 2014/2015 ein ny klasse førebuande IB på Vg1, slik at IB-tilboden vert eit gjennomgående løp for alle tre trinna.

Vidare har skulen innføringsklasse for minoritetsspråklege (AO) og eit tilbod til minoritetsspråklege i ordinært løp. Sistnemte tilbod er organisert som ein klasse med halvert elevtal i fellesfaga, det vil seie at det utgjer ein  $\frac{1}{2}$  parallel. I valfaga følgjer desse elevane ordinære grupper. Dette tilboden blir berre gitt ved Bergen Katedralskole og er ei særordning for skulen. Generelt ser fylkesrådmannen det som naudsynt med ein gjennomgang av korleis ein innrettar undervisninga til denne gruppa. I den samanheng vil fylkesrådmannen mellom anna leggje vekt på følgjande tiltak (OPHE 11.11.2014 2014/22380-1):

- « (...)Utgreie behov for oppretting av tilbod om grunnskuleopplæring (10.klasse) i vidaregåande skule i samarbeid med kommunane for søkerar i alderen 16-19 år som ikkje har oppfylt krav om grunnskuleutdanning eller som berre har vore kort tid i norsk ungdomsskule.
- Vidareutvikle tilbod om innføringsklassar for elevar som har oppfylt formelle krav til grunnskuleopplæring men som likevel treng meir tid til å bli tilstrekkeleg kvalifiserte til å oppnå eit forsvarleg læringsutbyte i vidaregåande opplæring.
- Samarbeide med skulane om utvikling av nye fleksible modellar for opplæring av minoritetsspråklege med mål om auka læringsutbyte og fullføring. (...»

Tilboden til minoritetsspråklege må difor generelt vurderast i forhold til tiltaka over i tida framover.

For skuleåret 2014/2015 har Bergen Katedralskole dette tilboden fordelt på type og trinn:

KLASSETRINN	AO/E-KLASSE (0.5 PARALLEL)	IB (1 PARALLEL)	ST (4 PARALLELAR)	TOTALT (5.5 PARALLELAR)
IF/AO	29*	0	0	29
VG1/PRE-IB	16	38*	108	162
VG2/2IB	15	23	98	136
VG3/3IB	13	27	106	146
<b>SUM</b>	<b>73</b>	<b>88</b>	<b>312</b>	<b>473</b>

\*2 klassar

## Dimensjonering

Fylkesrådmannen legg til grunn FEF-arealberekningsmodell for å beregne naudsynt areal utifra funksjonen det er tiltenkt.

Tek ein utgangspunkt i dei ferdige planteikningane, eksisterande tilbod og ei utviding med to parallellear på ST og til to parallellear på IB, viser tabellen under følgjande forhold med tanke på areal:

Romtyper	Areal i teikning	FEF-areal	Merknad
<b>Teoriareal</b>	2.022,6 m <sup>2</sup>	1.711,4 m <sup>2</sup>	Inkl. grupperom
<b>Bibliotek</b>	220 m <sup>2</sup>	229 m <sup>2</sup>	
<b>Kantine m/kjøkken</b>	283,4 m <sup>2</sup>	614 m <sup>2</sup>	Her kan vestibyleareal etc. avlaste
<b>Realfagrom</b>	715,1 m <sup>2</sup>	586,0 m <sup>2</sup>	FEF seier 6 rom, teikning viser 7 rom
<b>Lærararbeidsplassar</b>	359,4 m <sup>2</sup>	360 m <sup>2</sup>	Nokre lærarar vil vere ved VO BHG
<b>Personalrom</b>	167 m <sup>2</sup>	100,1 m <sup>2</sup>	To lokale
<b>Auditorium</b>	78,8 m <sup>2</sup>	144,0 m <sup>2</sup>	

Tabellen over tek ikkje omsyn til rominndeling, men viser berre arealtrong etter funksjon. Sjølv om det for nokre funksjonar t.d. teoriareal er større tilgjengeleg areal enn det FEF-modellen tilseier, vil rominndeling og kor føremålstenlege arealet er, avgjere graden av utnytting.

Vidare er det i utrekninga lagt desse føresetnadene til grunn:

- Samla elevtal på 720 elevar, 85 % andel realfag på ST
- 30 elevar i kvar klasse på ordinært ST. 25 elever i kvar klasse på IB. inkl. pre-IB.
- Arealutnytting på 85 %
- Areal til kroppsøving er ikkje med

## Utfordringar

### Undervisningsareal /Teoriareal

Tabellen over viser at når det gjeld undervisningsareal, både med tanke på vanlege klasserom og spesialrom, er det nok areal. Ettersom denne utrekninga ikkje tek omsyn til rominndelinga, har det vore naudsynt å vurdere dette opp mot faktisk rominndeling og ei simulering av timeplanlegging med dette elevtalet. Skulen har difor vurdert dette opp mot timeplanen og konkluderer med at det er god margin for å få gjennomført undervisninga på ein forsvarleg måte.

### Kantine m/kjøkken

I forhold til FEF-modellen vil det vere ei relativt stor underdekning. Det gjer at ein må tenke på kompenserande tiltak som t.d. å ta i bruk vestibyle/vrimleareal/klasserom i elevane sin matpause. Skulen må òg vurdere å planlegge timeplanen slik at større elevgrupper får matpausen sin til ulike tidspunkt.

### Personalrom

Det er nok areal totalt sett, men funksjonen må fordelast på to rom.

### Auditorium

Underdekninga her gjer at undervisninga må tilpassast denne rammefaktoren. Til aktivitetar der ein ønskjer å samle fleire enn 3 klassar, må ein difor nytte gymsal.

### Kroppsøving

Elevtalet krev etter FEF-modellen ein tredelt fleirbrukskall og styrkerom. Skulen har to gymsalar som dekker 2/3 av dette. For å kompensere for denne mangelen kan skulen bruke gymsalen på BHG.

Vaksenopplæringa tilbyr ikkje kroppsøving i si undervisning, slik at den vil vere til disposisjon. Der vil det også vere mogleg å innreie eit mindre styrkerom.

### **Konklusjon**

Fylkesrådmannen har drøfta utfordringane det er peikt på over, med skuleleiinga og tillitsvalde på skulen. Ei samla tilråding frå skulen er at ei utviding med to parallellear på ST og ein på IB kan gjennomførast utan at det er naudsynt å nedprioritere tilbodet til minoritetsspråklege. Skulen har vurdert dette nøye opp mot faktisk rominndeling, timeplanbelegg og med tanke på innretting av aktivitetene i forhold til dei funksjonane som vil få mindre areal enn det FEF-modellen tilseier.

Fylkesrådmannen tilrår ei dimensjonering som vist i tabellen under:

KLASSETRINN	AO/E-KLASSE (0.5 PARALLEL)	IB (2 parallellear)	ST (6 parallellear)	TOTALT (8.5 parallellear)
<b>IF/AO</b>	30	0	0	30
<b>VG1/PRE-IB</b>	15	54	162	231
<b>VG2/2IB</b>	15	54	162	231
<b>VG3/3IB</b>	15	54	162	231
<b>SUM</b>	<b>75</b>	<b>162</b>	<b>486</b>	<b>723</b>

Vidare tilrår fylkesrådmannen at tilbodet til minoritetsspråklege generelt må vurderast i forhold til tiltaka som er skissert i OPHE-sak i 81/2014 av 11.11.2014, uavhengig av dimensjoneringa til Bergen Katedralskole.